

# **Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar, Fjell kommune, Hordaland.**

Fastsett av Fjell kommunestyre 24.04.08 med heimel i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall (Forureiningslova) § 9 jf. delegeringsvedtak frå Miljøverndepartementet av 19. juli 2001.

## **§ 1. Føremål**

Føremålet med denne forskrifta er å hindre forureining og helseproblem i kommunen som følgje av open brenning og brenning av avfall i småomnar.

## **§ 2. Verkeområde**

Forskrifta gjeld open brenning og brenning av avfall i småomnar innanfor kommunen sine grenser.

## **§ 3. Definisjonar**

- a) Open brenning: all brenning som skjer utandørs
- b) Småomnar: forbrenningsomnar som ikkje har løyve frå Statens forurensningstilsyn eller fylkesmannen, eller er tillate etter statlege forskrifter etter forureiningslova

## **§ 4. Forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar**

Open brenning og brenning av avfall i småomnar er forbode om ikkje anna følgjer av § 5 i forskrifta.

## **§ 5. Unntak frå forbodet**

Følgjande brenning skal likevel vere tillate:

- a) Open brenning frå grill, utepeis og kaffibål
- b) Brenning av avfallstrevirke i vedomn, med unntak av impregnert og malt trevirke
- c) Brenning av avisopapir og liknande i vedomn
- d) Bråtebrenning for rydding av beite og vedlikehald av kulturlandskap på gardsbruk
- e) Bråtebrenning og brenning av tørt hageavfall utanfor tettbygd strøk
- f) St. Hansbål av reint trevirke

## **§ 6. Dispensasjon**

Rådmannen kan i særlege tilfelle dispensere frå forbodet i § 4 etter søknad.

## **§ 7. Tilsyn**

Kommunen fører tilsyn med at reglane i denne forskrifta vert overhaldne.

## **§ 8. Klage**

Vedtak etter denne forskrifta er å rekne som enkeltvedtak og kan påklagast til kommunen si faste klagenemnd.

## **§ 9. Straff**

Brot på denne forskrifta kan medføre straffeansvar jf. forureiningslova § 78.

## **§ 10. Iverksetjing**

Denne forskrifta vert sett i verk frå 01.06.2008

---

**Kart over tettsteder i Fjell definert av Statistisk sentralbyrå**

